



**Sogndal
kommune**

MOTTATT

25 APR 2012

Rådmannen

Sakshandsamar:

Jostein Aanestad

Tlf: 57 62 96 10

Mobil: 991 65 935

Vår ref.

12/1477-5

Arkiv

N00

Dykkar ref.

Dato

20.04.2012

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Samferdselavdelinga
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Samferdseldepartementet
Postboks 8010 Dep.
0030 OSLO

Nasjonal transportplan 2014-2023 - høyring

Vi viser til brev av 26. mars 2012 om høyring av framlegg til Nasjonal transportplan 2014-2023.

Sogndal kommune har innspel knytt til Nasjonal transportplan 2014-2023 innafor følgjande tema:

- vesentleg auke i investeringsramma
- vegutbygging Rv 5
- gang- og sykkelveg
- Sogndal lufthamn Haukåsen.

Vesentleg auke i ramma

I framlegget til NTP frå etatane er midlar til drift av samferdselanlegg prioritert, noko som går ut over storleiken på investeringsramma. Vi sluttar oss til at det er trong for å styrkje rammene for drift av samferdsleanlegg. Den samla økonomiske ramma for NTP må aukast, slik at investeringsomfanget kjem opp på eit nivå som gjer det mogleg å auka omfanget av investeringar.

Vegutbygging rv 5

I økonomiplanen for 2012-2015 til Sogndal kommune heiter det som eit av dei 10 høgast prioriterte arbeidsområda at:

«vi skal leggje til rette for å bygge ny Loftesnes bru med tilhøyrande gangveggar og grøntanlegg. Vi skal vedta ein sykkelplan for sentrum og ein reguleringsplan med miljøprofil for Gravensteinsgata. Eit langsiktige mål er å få etablert eit miljølok i Gravensteinsgata»

Rv5 bind E16 og E39 saman, og er ein viktig del av stamvegnettet. Det har skjedd utbetringar på delar av denne vegstrekninga dei seinare åra, men det står framleis att fleire område med for dårleg vegstandard. Dårleg vegstandard gjev store ekstra kostnader for næringslivet i regionen, som er avhengig av effektiv transportavvikling for å kunne hevde seg i konkurransen med verksemdar som er lokalisert nærare dei store marknadene.

Denne vegstrekninga, særleg knytt til Loftesnesbrua og gjennomkøyring i sentrum, er prega av dårleg trafikkisikring, til tider opphoping av trafikk som gjev dårleg effektivitet i transportavviklinga og monalege negative miljøverknader lokalt.

Ny Loftesnesbru er ferdig regulert. I budsjettet til Statens vegvesen for 2012 vart det løyvd naudsynte midlar til detaljplanlegging, og dette arbeidet er godt i gang. Løyvingar for gjennomføring av prosjektet må kome inn i første planperioden (2014-2017).

Gravensteinsgata har høgast trafikktalet på heile Rv 5. Strekninga er prega av låg trafikktryggleik, miljøulempar frå trafikken og til tider opphoping av trafikk. Kommunen og fylkeskommunen har gjort vedtak om å forskotere delar av kostnadene til ny rundkøyring i krysset rv. 5 – fv. 211. Dette tiltaket vil betre trafikkavviklinga i denne delen av Gravensteinsgata. Det er reguleringsmessig lagt til rette for bygging av miljølok i Gravensteinsgata. I 2007 vart det gjennomført ein moglegheitsstudie for miljølokk i Gravensteinsgata. Denne viser ein utbyggingskostnad på 180 mill.

kroner, +/- 25 %. Tiltaket er viktig ut frå omsynet til trafikk-tryggleik, miljø, effektiv trafikkavvikling og som grunnlag for utvikling av Sogndal sentrum.

Bygging av miljølok i Gravensteinsgata er lagd til grunn i arealdelen av kommuneplanen og i kommunedelplan for Sogndal sentrum. Eit miljølok i delar av Graventeinsgata vil binde sentrum saman, og område Kulturhuset-Sogningen-Trudvang vil verta betre knytt til sentrumsparken-Fjæra-fjorden. Moglegheitene for å utvikle eit samla, triveleg sentrum for dei som kjem til Sogndal for å handle, turistar og for dei som bur i sentrum vert monaleg betre. Løyvingar for bygging av miljølok i Gravensteinsgata bør inn i NTP. Sogndal kommune vil vurdere lokal medfinansiering (bompengar) til dette tiltaket.

Sogndal kommune er positiv til dei omtala tiltaka for rassikring av rv. 5 ved Kjørsnesfjorden.

Gang- og sykkelveg

Det vert lagd opp til ein auka satsing på gang- og sykkelveggar i framlegget til NTP. Det er positivt. Betre tilrettelegging for gåande og syklande er eit godt folkehelseiltak, og gjev redusert bilkøyring og redusert miljøproblem. Tiltaket verkar også positivt ift. betra folkehelse og betre trafikktryggleik. Det er serleg viktig knytt til skuleveggar.

Det er serleg to område i Sogndal kommune det er trong for betre utbygd gang- og sykkelveg:

Samanhengane gang- og sykkelveg i sentrum

Det er i dag bygd ut gang- og sykkelveg for Loftesnes til Kjernes, og korte strekningar langs rv. 5 og fv. 211. Desse gang- og sykkelvegane heng ikkje saman i eit samanhengane gang- og sykkelvegnett inn til sentrum og gjennom sentrum. Det er grunn til å rekne med ein monaleg auke i bruken av gang- og sykkelveggar dersom desse vert bygd saman. Det er serleg viktig med eit godt utbygd gang- og sykkelveggar for born og ungdom, studentar og for eldre.

Kommunen ønskjer å utarbeide ein sykkelplan for sentrum i samarbeid med Statens vegvesen. På strekninga frå Loftesnesbrua til Sogndalelva/Fosshaugane campus er det serleg viktig å betre tilrettelegginga for syklande. Kommunen har om lag 2 000 studentar, og potensialet for auka bruk av sykkel er stort. På lengre sikt bør det også etablerast gang og sykkelveg på strekninga Sogndal sentrum – Kaupanger.


Gang og sykkelveg til Norane oppvekstsenter

Rv 13 er ein mykje trafikkert vegstrekning med årsdøgntrafikk (ÅDT) på 2200. Vegen er strekningsvis smal, utan midtstripe og lita etter ingen vegskulder. Fotgjengarar og syklistar vert ofte utsett for trafikkfarlege hendingar. Det er serleg viktig å betre trafikktryggleiken i området knytt til Norane oppvekstsenter. Det bør difor byggjast ut gang- og sykkelveg langs Rv. 13 på strekninga Fardal – Ylvisåker – avkøyrsla til Nordnesfeltet.

Sogndal lufthamn – Haukåsen

Som følgje av utfasing av flytypar vil det vere trong for å forlange rullebana på Sogndal lufthamn. Sogn regionråd har arbeidd aktivt for å utgreie behova for og moglegheitene til forlenging av rullebana. Arealmessig og topografisk ligg det til rette for slik forlenging. Utvikling i passasjertal ved Sogndal lufthamn etter ny instrumentering, og med det betre regularitet, viser at regionen har stor trong for ein flyplass med god regularitet og kapasitet. No er kapasiteten spreng på delar av rutetilbodet. Sogndal kommune meiner at det må setjast av tilstrekkeleg med planleggingsmidlar til Avinor for planlegging av utviding av rullebane ved Sogndal lufthamn.»

Med helsing


Jarle Aarvoll
ordførar

Vedlegg:

Kopi til: Statens vegvesen, Region vest